





Prosesshefte


Aslaug Nordal


Eg kom raskt igang med å bygge opp 3d-modell av omgivel-
sane, og leika med volum.







Teikna ut planteikningar med dei riktige funksjonane og størrelsane fra volumstudiet i 3d-modell for å sjekke min eigen forståelse for størrelsane.






Likte grepet om å legge voumane slik, men ville samle det. Teikna difor ein ny variant. Fokuset er ganske planfokusert og logistikk er eit viktig tema.







Begynner å få forståelse for kor bratt tomta er, og at det kan bli ei utfordring å tenke i så mange retningar.









Teikna ut romprogrammet i skala, for å sjå forholdet i mellom funksjonane, og byrjar å sjå moglegheit for samanslåing av funksjonar for å spare kvadratmeter.




Gjorde undersøkelser for grunnforholdet på tomta. Oppdaga at heile tomta består av Eklogitt, ein veldig hard og verdifull stein. Har fått dette bekrefta fra NGU, som også seier den er fin å sprengje i, og at eg kan ta utgangspunkt i at tomta er ganske homogent fylt av eklogitt langt ned i bakken.




Testar ut fleire volumformer, men mister formingsforståelsen og blir litt frustrert.. Går over til å teikne ut den eksisterande kyrkja meir detaljert.



Gjer den eksisterande kyrkja klar for laserkutting, og får også god forståelse for åpningar, retningar og detaljar i kyrkja.



Oppdagar at eg jobbar litt for abstrakt med gravplassen. Kjem på at eg har registreringar frå den planlagde urnelunden i 2008, og plaserar ut dei store flotte trea i plan. Dette gjer at eg tenker anleis, og det føles meir riktig å tenke plassering på utsida av kyrkjemuren mot nordvest. Får et behov for å liste opp prioriteringar.




Prioritering

1. Atmosfære
2. Funksjonalitet i nytt bygg
3. Bevare alle trea
4. Møte mellom nytt og gammelt

Konseptidear

1. symbiose (oppbrukt begrep)
2. Ying yang (klisjé, men beskriver godt intensjonen.)
3. Teologi motsetningar: reise vs tilstede, langkirke vs sentralkirke.


Testar ut retningar som svarar til linjene i landskapet. Fungerar fint i plan for å få flyt, men likar ikkje formspråket. Sliter med den vertikale forståelsen av tomta.







Reviderte romprogrammet:



[Academic use only]

Testa ut ny organisering med nytt romprogram. Volum av samme variant vises i sketchupillustrasjon på neste side.





Skisse med volum fra varianten på forgje side




Skisse2 med volum fra varianten på forgje side




Rydda opp i situasjonsanalyse:

Funksjonar



Parking



Oppsamling av folk på kyrkjetrappa




Inngangar




Ankomststrømmingar





Fjernvirking














Organisering av gudstenestsalen



Internt Referat møte for planløysing i Ny kyrkje:

Møteleiar og referent: Margit Lovise Holte

Tilstade:

Inge Kaldhol, Gudstenesteutvalget og Klokkar

Inge Haakonsholm, sokneråd

Jan Einar Roos, leiar i Ulstein KFUK/M

Jan Berset, ordførar i Ulstein

Jostein Kiperberg, Utvalet for Ny kyrkje

Beate Mjøen Berg, Byggekllossen, ulstein kyrkejr's barne og ungdomsarbeid

Trond Berg, soknemedlem

Ranveig Kaldhol, diakon

Ståle Helvig, organist og kyrkjemusikkutvalet

Arnt- Ole Grimstad, soknerådsmedlem, kyrkjemusikkutvalet

Jan Erling Davidsen, kyrkjetenar

Inge Haakonsholm, soknerådsmedlem diakoniutvalet

Lovise Helvig, soknemedlem, diakoniutvalet

Knut Einar Tokheim: KRIK

Element frå samtalen:

- MEDIA: behov for tekinske moglegheiter: klart og godt tekst på vegg, interaktivt. Media slika t ein kan vise fil, ol. Teknisk tilrettelagt slik at det er enkelt å koble til, og mogleg å bruke for mange.
- UNGDOMSVENLEG LOKALE: Dâpsskulen – trusopplæringa treng gode lokaler. Ungdomslokale viktig, også for ungdom som ikkje er organisert, kva med ein eigen inngang og lokalitetar der ein kan «rote på kjøkkenet». Treng stader der ungdom kan kjenne seg heime og få herje litt fritt. Innta kyrkja som sin stad.
- KONTOR: Spørsmål o det ikkje er for lite kontor i dei planane, kanskje skal vi tenke slik som i Nordlyskatedralen – kontorplass for mange – større fellesskap.

+ frivillige

- LAGERPlass: Barneforeininga og Søndagsskulen treng lagerplass som er lett tilgjengeleg. Kyrkjetenar etterlyser også betre lagerplass.
- KRIK BASE: ynskjer seg base i kyrkja etter trening, td open fredagskveld for alle. Born Unge og eldre ungdom/vaksne.
- STØRRELSE PÅ UNGDOMSSAL: vi har no over 100 speidarar og treng sal der alen kan vere ilag. dette trengs også for årskulla i trusopplæringa.
- KYRKJEROM: som er stort nok. Og som inkluderer småbarnsfamilier, slik at vaksne kan fylge med og mindre born kan leike. Veldig uheldig med den delinga som no er i søndagsskulen.
- KJØKEN: må vere god nok plass til alle, og slik at ein kan lage mat der. Og ha dåpsselskap – kva med parallelle aktiviteter: dåpsselskap og kyrkjekaffi? Også behov for lavterskelkjøkken der ungdomar kan slenge inn ein pizza etter skuletid.
- Utleige: for å tenke inntekter kan eit nytt bygg vere slik at ein kan ha kurs der, konfirmasjonar, utleige og dei store konsertane.
- UTFORMING: Vi ynskjer oss ei kyrkje med også røffe lokaler til røfft bruk, aktivitetar som lek og moro. der må ver krinkar og krokra å gå på oppdagingsferd i.
- LAGERPlass: Idrettsutstyr til KRIK – klatrevegg?
- MUSIKKROM: enkelt for band å rigge opp og ned, gdod med mikrofonar og ein teknikk det går an å styre – og ein plass der mediafolk og lydteknikarar kan sitje i fred.
- ALTER/FUNKJONAR I KYRKJEROMET: vi tren små alter, vkielader i romet. gateleter som ofte er ope? rom til høve for ettertanke/stille rom, skriftstol?, behov for lystenning og tilgjengelighet.
- LAGERPlass: Viktig at ein kjem til med bil for å hente og levere ting.
- UNIVERSELL UTFORMING: veldig viktig, krav til td frå toalett til lydtilhøve og plass..
- KOMERSIELT BRUK: då treng ein vere tydeleg på kva ein vil. er skeptisk til slik bruk, men må vere tydeleg på kva ein vil.
- FLEIRBRUKSKJØKEN: viktig
- NØKKELSYSTEM: graderte løysingar er ønskeleg slik at mange har nøkkelkort med tilgang, emn ikkje alle kan bruke alt. Roma må ligge plassert slika t ein kan bruke delar av kyrkja med dei funksjonane ein treng utan å måtte ha tilgang til rom ein ikkje treng..
- TRUSOPPLÆRINGSREFORMA: korleis skal vi bruke roma, - vi må tenke nytt om kva vi treng.
- STORLEIK: er det nok med ei kyrkje i framtida? Kva tenker vi om størrelse? Om vi er nok viktig at vi bygger slik at vi kan utvide, bygge på. Vi treng også rom til KyrkjeSFO?, søndagsskulen med ulike grupper, Barnerom/kapell?. Gode fasilitetar mtp Garderobe og toalett- tilgang. Småsalane må kunne romme eit årskull. – og så må vi tenke fleirbruk at noko kan foregå i Ungdomssalen, noko i barnesalen og noko i kyrkjeromet.
- UNGDOM: også aktivitetar som forming, spikking, klatrerom – speidaraktivitetar – litt røfft...
- ÅRSKULL OG STORLEIK: 120 i årskulla her, det må vi romme.
- LYDISOLERT: både grupperom, bandøvingsrom og kontor bør ver lydisolerte. håp at ein akn spele så lenge og så mykje ein vil utan å forstyrre anna aktivitet.
- FREDHEIM/ KFUK/M: Behov for å dekker årskulla 120 stk og vår aktivitet, - grovrom, kjøkken, lager ol.
- KYRKJEROM: slik det er i dag er det så trangt. Særleg framme i korpartiet om vi skal ah medhjelparar og band. Vi treng rom og plass slik at folk kan delta. det må vere rom for

Oppdeling
Gradert
tilgang

Hjelpen
velkommen

skolen
til Røff
bruk

Spele
sa
lære
du
vil


nband, kor, forsongarar- dei som skal lase forbøn, nattverdutdeling, lita alter. Det trengs opne plassar til lystenning , bønelappar mm.

- PLASSEN HINDRAR KYRKJELYDSUTVIKLING: Slik det er no held småbarnsfamiliar seg unna kyrkja – fordi det er lite plass... vi treng rom for leike og å delta mm.
- KYRKJEMUSIKK: vi ønsker oss eit kyrkjeorgel på plan med folk flest.. på hovudplan og ikkje oppe på galleriet slika t organist kan kommunisere og spele ilag med andre musikantar. .
- AKUSTIKK: Vi må teste ut at vi får gode konserttilhøve. Digital akustikk-løysingar kan hjelpe oss slika t vi kan tilpasse romet akustisk.
- TOLKING: viktig del av gudstenesta, og vi treng plass til tolkarar og tekniske hjelpemiddel.
- BARNEHAGE: Byggekllossen slik den er i dag treng 250 kvadrat.- og små grupperom, kjøkken til godkjent bruk, sal til babysong mm.
- AREAL: kan brukast på fleire måtar. Areal må ha ulike funksjonar. Moglegheit for å kunne bygge på.
- FRAMTID: Ingen kan svare for framtida, men vi må bygge for ei framtid.
- KVAR DET BRENN: i høve ungdom og barn – dei har ikkje lokalitetar og tilhøyrgheit på grunn av plass og funksjon. undervisning og samlingar må skje i andre rom pga plassmangel... Kyrkja vert dermed eit seremonirom og ikkje eit lystbetont livsrom.
-


Fikk sett referat fra møte i soknerådet, der alle ønska om den nye kirka blei spesifisert og utvida. Fikk føle på utilstrekkelighet på å få dekkja alle behova, men kom fram til at eg som fagperson må kunne prioritere og sjå kva som er riktig bruk på tomta. Dette var eit lite gjennombrot, der eg handla meir faglig og profesjonellt, i og med at eg lot ønska til brukargruppa bestemme mindre for mine valg av arkitektur.

Vidare under følgjer registreringar frå mi andre befaringsavtomta og situasjonen. Eg finn ut at den gamle kyrkja har mykje ledig plass, og bruken av den kan vere meir sanert og effektiv. Dette er først og fremst til lagerbruk og andre funksjonar som ikkje krev dagslys. Av hensyn til begrensning av eiga oppgåve, har eg likevel valgt å ikkje teikne inn noko saneringsforslag for den ekstra plassen i gamlekyrkja. Registreringane viste meir at behovet for meir brukbare arealer er stort.

Oppmåling på tomte



Oppmåling på tomte



Våpenhuset



Våpenhuset





Orgel på galleriet





Jordkjeller





Eklogitt i grunnmuren til Kyrkja



Undervisningsrom/multirom, våpenhusloftet



Trapp opp til kyrkjeloft og klokker



Trapp opp til våpenhusloftet



Trapp ned fra våpenhus



Trapp opp fra våpenhuskjeller



Kapell/kisteoppbevaring/lager i kjeller



Kyrkjegården sett fra klokketårnet



Utsikt over tomte fra klokketårnet.





Utsikt mot tomte fra kyrkjetrappa



Utsikt over tomte fra kyrkjemuren



Takhøydemåling på tomta.




ULSTEIN KYRKJE				John Moldskred as	
SNITT A - A, SNITT B - B				PROSJEKTVÅLING PROSJEKTERELSE	
INNGANGSPARTI - KIRKEROM				BYGGELERELSE	
15.12.2016				PR. 2016	
1:500				DAT. 15.12.2016	
1:100				0010	

Ønska materialpalett.




Skisse over aktuellt prosjekt. Gjennomheile prosessen har eg teikna fleire prosjektvariantar langt ut i planteikningar og 3dmodellar. Dette gir meg ein realitycheck for ideane mine, slik at eg ikkje jobbar for lenge med ein uholdbar idé. Dette gjer også at eg lett kan formidle prosjekta mine.



Skisse over gudstenestehall med materialindikatorar



Planteikning over plan “under” bakken




Inngang til nye kyrkja med materialtest



Fjernvirkning av den nye kyrkjetrappa fra vest. Her får eg begynne å sjå ei definering av den nye kyrkjetrappa. Eg likar dette grepet, men er framleis utydeleg i over og under bakken i forhold til lesbarhet og prosjektoppleving.





Render over gudstenesterom. Testar tanken om atrium over bakke som lagar eit uterom som sender lys ned til voluma under bakken. Likar ikkje tanken på å sitte og gå på den heil-igaste delen av bygget.






Midtsemesterprosjektet. Her er det mange grep som eg finn igjen i det endelege prosjektet. Markering av hjørnet i nord, som kapellet, aksen til våpenhuset, og funksjonsorganiseringa er kome til her. Gudstenestehallen i dette prosjektet er framleis svært stor, og lite egna til fleksibel sambruk med andre funksjonar.





vs



Sentralkyrkje


Målet er her, møte mellom menneskjer er viktig.






























Demokratisk struktur

Langkyrkje

Vi strekjer oss mot målet, vi er på vandring.

Sybolikk, paradis er viktig.



FUNKSJONAR	m	FLEKSIBEL	DAGSLYS	UTSYN
GUDSTENESTEROM				
KAPELL				
VÅPENHUS				
MULTISAL				
ADMINISTRASJON				
LAGER				
KJØKKEN				
WC				
SAKRISTI				












BESØKCANDE

76




ANSATT

BRUKARAR	KVARDAG		HELG	
	DAG	KVELD	DAG	KVELD
	ORGELØVING GRAVFERD BABYSANG FORENINGAR DÅPSOPPLÆRING SORGGRUPPER	BIBELGRUPPE BANDØVING KORØVING SPEIDAR TENSING FORENINGAR KRIK KONFIRMANTUNDERVISNING KONSERTAR	BRYLLAUP BANDØVING KONFIRMASJON KORØVING GUDSTENESTE KONFIRMANTUNDERVISNING SØNDAGSSKULE	KONSERTAR BRYLLAUP GUDSTENESTE
	ETTERTANKE LIKSYNING SØRGJANDE EINSAME	ETTERTANKE SØRGJANDE EINSAME		
			KYRKJEKAFFI	BRYLLAUP FESTAR
	SORGGRUPPER ÅPEN BARNEHAGE BABYSANG MINNESTUND DÅPSOPPLÆRING CAFÉ	BIBELGRUPPE SPEIDAR TENSING KRIK KONFIRMANTUNDERVISNING	SØNDAGSSKULE DÅPSELSKAP KYRKJEKAFFI BRYLLAUP BASAR	BRYLLAUP FESTAR
	ANSATTE		ANSATTE	
				
	CAFÉ ANSATTE ÅPEN BARNEHAGE MINNESTUND SORGGRUPPER	UORGANISERT UNGDOM BANDØVING BIBELGRUPPE SPEIDAR TENSING FORENINGAR KRIK KONFIRMANTUNDERVISNING		BRYLLAUP KONFIRMASJON KYRKJEKAFFI DÅPSELSKAP
				
			DÅPSVENTEROM ANSATTE BRYLLAUPSVENTEROM	BACKSTAGE VED KONSER




Gjerdegata




80




Kyrkjegata






















Etter midtsemester var eg forvirra og utilfreds med mitt eige prosjekt og framstillingsevne. Brukte litt tid på å fordøye respons og eigne kjensler rundt prosjektet. Så kom eit paradigmeskifte. Gudstenestesaalen må endre form. Den er svært begrensande i utforminga av resten av prosjektet, samt designa for topppane, og ikkje for fleksibel bruk. Eg var for låst i sentralkyrjeberepet, og såg ikkje arkitekturen utifrå potensiale og moglegheitane tomte gav meg. No kjem hovedgrepet til det endelege prodjektet fram. Eg fekk etalbert akser og ei funksjonsorganisering som gav mange moglegheiter for fleksibel bruk og openhet. Under viser ulike utformingar av det nye prosjektet.


Uteområdet flyt ut, og eg finn ut at eg heller vil forsterke det eksisterande uteområde med å legge eit klart skille i terrenget, mellom nytt bygg og gamal kyrkjegard. i tillegg held eg fram på at det nye prosjektet skal kunne tilby eit nytt uterom. Atrie er fortatt med, men ein kan ikkkje lenger bevege seg på dei aller heiligaste voluua, som no vert løfta opp av bakken. Dynamikken på kva som stikk over bakken og kva som er under bakken vert større.















01/2019/2020 v. 01/01/2020





Ekstern input

Teologi og motivasjon

I løpet av prosessen har eg hatt kontakt med ulike fagfelt. Eg strarta med å ha ein samtale om teologi med presten i Ulstein sokn, **Margit Lovise Holte**. I den samtalen fekk eg meir motivasjon for å teikne i kyrkje for moderne tid, med eit kyrkjekontor som ønskjer ein ny og meir inkluderande bruk av kyrkja.

Orgel og musikk

Det var i heile veien meininga å teikne inn orgel i prosjektet, og eg brukte ein del tid på å lese meg opp innan orgelmusikk og orgelarkitektur. Eg hadde eit fint møte med organisten i Ulstein kyrkje, **Ståle Helvig**. Han er primus motor for det musikalske arbeidet i Ulstein kyrkje, og eg fekk mange fine innspel til korleis eg kunne legge tilrette for gode forhold for musikkarbeid. Eg fekk innsikt i kor avansert det er å planlegge orgel, og valde difor å ikkje teikne det inn i prosjektet. Det er framleis mogleg å planlegge inn eit orgel, men dette krev stor grad av kunnskap som arkitektar sjølv ikkje har utan tett samarbeid med orgellbyggjarar. Med tanke på begrensing av eiga oppgåve, er difor ikkje orgelet med i det endelege prosjektet. Eg har likevel fått indikasjonar på at det akustiske miljøet i det endelege prosjektet er passande for orgelmusikk, som støttar seg på ein romgeometri med mykje klang og lang etterklangstid.




Interiør og materialval

Eklogittveggen som kjem godt til uttrykk i prosjektet, er bestemmande for dei andre materialvala. Dette fekk eg diskutert godt gjennom fleire veiledningar med interiørarkitekt og fargeekspert **Kine Angelo**, Universitetslektor, Institutt for byggekunst, form og farge. Eg vurderte lenge å ha heilt kvitt miljø mot den store eklogittveggen, då eg tenkte at dette ville framheve den mest. Dette vart eit veldig hardt miljø, og minte mest om eit kaldt museum (eller ein glossy racerbil), og lite om gode material og kontrastar som eignar seg for ei inviterande, røff og lun folkekyrkje.


Stolar og golv, er mørke, for å få desse lave elementa til å sitte godt i bakken. Det mørke golvet, møter eklogittveggen på ein elegant og smooth måte, og den forsterkar også det varme lyset frå “den himmelske hærske” av koparlys i taket. Veggane forblei lyse, men relieffet frå utsida er dratt inn, for å kunne spele på lys, og også for å dra utsida inn og gjere dei ulike voluma lesbare i sin heilheit.

Det følger materialstudier under.


















Akustikk

Petter Svensson, frå Institutt for elektronikk og telekommunikasjon, er ekspert i lyd, akustikk, høytalere og hørsel. Eg hadde eit flott møte med han, der vi diskuterte akustikkmiljøet i prosjektet mitt. Vi blei begge enige om at arkitektur og akustikk må jobbe meir saman, for å kunne utvikle arkitektoniske elementer med akustikse eigenskapar slik at vi får meir heilheitlige løysningar. Han var begeistra for teksitlrøyrkonseptet mitt i himlingen i gudstenestehallen, og kunne vise til fleire undersøkinga der ein ser på akustiske kvalitetar i såkalla “søyleskogar” som filtrerar ut visse frekvensområder, samt absorberar og reduserar etterklangstid.

“Det finnes et antall vitenskapelige artikler som behandler lydegenskapene for en “skog” med sylindrer, og det har faktisk vært et stort interesse for slike de siste årene. Men, det er en ganske annen situasjon man er interessert i der: harde sylindrer viser seg å kunne stoppe enkelte frekvenser fra å kunne passere gjennom en slik skog (f eks når avstanden mellom sylindrene er presis en bølgelengde osv). Vi må dog ha absorpsjon for et bredt frekvensområde og da må man ha porøse materialer i sylindrene. Den vedlagte artikkelen (legger den ved kun for å vise på at det finnes noe arbeid) betrakter sylindrer med et lag porøst material, men man ser også på gjennomgang for en lydbølge som treffer sylindrene fra siden (man tenker seg lydgjennomgang gjennom en skog).”

Sitat fra Peter Svensson i E-post, etter møtet vårt, 24.04.2014

23.4.14



$$V = (6 \cdot 15 + 10 \cdot 5) \cdot 20 = 140 \cdot 20 = 2800 \text{ m}^3$$

$$\left\{ \begin{array}{l} A = 0,5 \cdot 15 \cdot 20 = 150 \text{ m}^2 \text{ (M, } \alpha = 50\%) \\ \quad \quad \quad \uparrow \quad \quad \quad \text{AREAL} \\ \quad \quad \quad \alpha \quad \quad \quad 240 \text{ m}^2 \text{ (M, } \alpha = 80\%) \end{array} \right.$$

$$\rightarrow T_{60} \approx \frac{0,16 \cdot 2800}{150} = \boxed{3 \text{ s}} \quad \text{M, } \alpha = 50\% \quad 1744$$

$$\alpha = 80\% \Rightarrow$$

$$\boxed{1,9 \text{ s}} \quad \text{M, } \alpha = 80\% \quad 1744$$

23.4.14

$$T_{60} = \frac{0.16 \cdot V}{A}$$

φ m^2

$$A = 500 m^2$$



$$L = 500 m^2 H, \alpha = 100\%$$

$$1000 m^2 H, \alpha = 50\%$$


$$5000 m^2 H, \alpha = 10\%$$

DEAMP:
MICROSLISS PICTURE

~~MUS~~
~~REDA~~
~~CHANGER~~




420x297



$$\tau_{60} = \frac{0,16 \cdot V_1}{\Delta_1}$$

$$= \frac{0.16 \cdot V_2}{A_2}$$

$$A \propto m^2$$



$$= \frac{0.6 \cdot U_3}{A_3} \quad \text{Dean?}$$

